




cutting through complexity™

Forvaltningsrevisjon

Spesialpedagogiske tiltak

Sveio kommune

2014



Forord

Etter vedtak i kontrollutvalet i Sveio kommune den 1.november 2013 har KPMG gjennomført ein forvaltningsrevisjon retta mot spesialpedagogiske tiltak i kommunen, både i barnehagen og i grunnskulen.

Oppbygging av rapporten

Våre konklusjonar går fram av rapporten sin hovudbodskap. Kapittel 1 har ei innleiing til rapporten. Her vert problemstillingar, metode og revisjonskriteria presentert. I kapittel 2 presenterer vi sentrale område innanfor spesialpedagogikk. I kapittel 3 gjer vi greie omfang av spesialpedagogisk hjelp i kommunen. Av kapittel 4 går det fram korleis kommunen utøver spesialpedagogisk hjelp i praksis, medan vurderingar og tilrådingar går fram av kapittel 5. Rådmannen sin uttale til rapporten er lagt til kapittel 6.

Bergen, 9. september 2014



Willy Hauge
Partner

Hovudbodskap

I denne forvaltningsrevisjonen har KPMG kartlagt korleis bruk av spesialpedagogisk hjelp i Sveio kommune, i høvesvis barnehage og grunnskule. Vi har mellom anna sett på kven som mottar spesialpedagogisk hjelp, korleis utviklinga har vore dei siste åra, korleis omfanget er i Sveio kommunen samanlikna med andre - og til slutt forsøkt å belyse dei meste sentrale årsakene bak ressursbruken i kommunen

Våre funn og vurderingar baserar seg hovudsakleg på innhenta dokumentasjon samt intervju med utvalde personar i kommunen. Vi har også sette på KOSTRA-tal og gjennomgått mappene til ei utval førskuleborn og elevar som mottar spesialpedagogisk hjelp.

Under fylgjer eit kort samandrag av KPMG sine funn, vurderingar og tilrådingar. Vi byrjar med å oppsummere funna i problemstilling 1 og 3.

1. Kartlegge bruk av spesialundervisning i Sveio kommune

a. Kven mottar spesialundervisning?

i. Omfang og utvikling (inkludert differensiering mellom skulane)

ii. Særskilte eigenskapar ved mottakarar (kjøn, alder/skuletrinn, eventuelt andre)

b. Kva er dei vanlegaste grunngevingane for at elevar får tilbod om spesialundervisning?

3. Korleis er omfanget av spesialundervisning i Sveio kommune, samanlikna med seg sjølv over tid og med andre, samanliknbare kommunar.

Del førskuleborn og elevar med spesialpedagogiske tiltak i Sveio kommune er ikkje urovekkande høgt samanlikna med andre kommunar i same kostragruppe. Sveio ligg rett over snittet hjå dei andre kommunane når det gjeld del føreskulebarn som mottek spesialpedagogiske tiltak. For skuleelevar ligg Sveio under snittet når det gjeld del elevar som mottek spesialundervisning.

For grunnskulen er det ein klar trend at del elevar med spesialundervisning vert mindre dess høgare elevane kjem i alderstrinn. Dette er ei motsatt trend enn i KOSTRA-gruppa og landet elles. Etter vår vurdering er dette svært positivt.

Grunngeving for spesialpedagogiske tiltak er ofte ein kombinasjon av fleire årsaker/tilhøve, der språk- og talevanskar er den mest utbredde. Frå intervju går det og fram ei bekymring om at sosiale/emosjonelle vanskar er eit aukande problem i kommunen. Eit ytterligere trekk ved spesialpedagogiske tiltak i grunnskulen er at det er langt fleire gutar enn jenter som har tiltak. I 2013/14 fekk 46 gutar tiltak, 19 jenter. Dette er i tråd med landet elles.

Andel mottakarar av spesialpedagogiske tiltak er som skildra ikkje spesielt høgt i Sveio. Ser ein så til kommunen si ressursinnsats for å gje tiltaka, er tilgjengelige tal noko samansett:

- For barnehagar ligg kommunen godt over landsnittet og snittet i kostragruppe 2 når det gjeld brutto driftsutgifter til "styrket tilbod til førskulebarn"
- For grunnskolen ligg Sveio rett over snittet når det gjeld "andel timer spesialundervisning av antall lærertimar totalt". Dette indikerar at kommunen gir fleire timar på spesialundervisning pr. elev enn andre kommunar.

2. Kva er dei viktigaste/ mest sentrale årsakene til at talet på timar brukt til spesialpedagogiske tiltak er høgt?

Problemstillinga her er kva som kan vere dei viktigaste/ mest sentrale årsakene til at talet på timar brukt til spesialpedagogiske tiltak er høgt.

Etter vår vurdering er ikkje talet på timar brukt til spesialpedagogiske tiltak alarmerande høgt; 20,9 % av totale lærartimar i Sveio er knytt til spesialundervisning. Tilsvarende tal for snittet i kostragruppe 2 er 19,3 %. Samstundes ligg Sveio rett under snittet i del elevar med spesialundervisning.

Held ein dette saman, gir det indikasjon på at kommunen gir fleire timar på spesialundervisning pr. elev enn i andre kommunar.

Eit naturleg spørsmål i forlenginga av denne revisjonen si problemstilling, vil då vere kvifor er det slik at det vert gitt fleire timar på spesialundervisning pr. elev enn i andre kommunar?

Etter vår vurdering er fyljande punkt del av forklaringa:

- Kwart vedtak om spesialundervisning er tufta på ei individuell fagleg vurdering av søkaren sitt behov. Ein mogleg forklaring kan vere at Sveio sine søkarar/motakarar har eit særleg behov. Frå respondentar til denne revisjonen vert det peika på at kommunen har mange fosterheimsbarn¹.
- Skulen / rektor fattar vedtak om omfanget av timar til spesialundervisning. Dette skjer etter innstilling/vurdering frå PPT. Av dei gjennomgatte søknadane / sakene, ser vi at vedtaket på tal timar vert oppretthalde frå innstillinga. Frå andre revisjonar er KPMG kjent med at skulen/rektor ofte reduserar tal timar.
- Sveio har ein stor skule, ein mellomstor og fire mindre skular. Ein slik struktur gir dårligare føresetnadar for å slå saman spesialundervisning i "passande" grupper. Spesialundervisning gitt som 1:1 undervisning fordrar fleire lærartimar enn gruppeundervisning.

Når det gjeld barnehagar er tilgjengelige omfangstal - frå KOSTRA - er knytt til økonomisk ressursinnsats og del born med tiltak. Sveio ligg over snittet for begge kategoriar samanlikna med kostragruppe 2. Det er nærliggande å sjå kostnadsnivået i samanheng med kommunen sin prioritering av "tidleg innsats".

Tilrådingar

Kommunens sitt arbeid knytt til spesialpedagogiske tiltak er godt. Prosessar følger regelverket i opplæringslova og det er klare indikasjonar på at arbeidet har positiv effekt. Samstundes har vi peika på at brutto driftsutgifter for styrka tilbod til førskoleborn er relativt høgt. Dette bør sjåast i samanheng med kommunen si prioritering av tidleg innsats og spesialpedagogisk ressursteam. I tillegg bør det og sjåast i samanheng med at del elevar med spesialundervisning vert lågare dess høgare alderstrinn – noko som gjer at ein presumptivt "sparer" kostnader.

"Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt" i grunnskolen er rett i overkant av snittet i Kostragruppe 2.

Vi rår til at kommunen samlar alle med vedtakskompetanse knytt til spesialpedagogiske tiltak for en felles erfaringsutveksling og gjennomgang av mellom anna:

- Avgjerslegrunnlag for vedtak.
- Samarbeidet med PPT.
- Kor vidt timar/ ressursar brukt til spesialpedagogiske tiltak bør dokumenterast meir detaljert
- Grunnlag for ytterligere samarbeid på tvers av skulane ved gjennomføring av spesialpedagogiske tiltak – vert ressursane nytta best mogleg pr. i dag

¹ Det er ikkje innhenta statistikk knytt til dette.

Innhold

Forord	2
Hovudbodskap	3
1 Innleiing	6
1.1 Bakgrunn	6
1.2 Føremål	6
1.3 Problemstillingar	6
1.4 Metode	6
1.5 Revisjonskriteria	8
2 Generelt om spesialpedagogisk hjelp	9
2.1 Spesialpedagogisk hjelp	9
2.2 Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)	10
2.3 Haugalandsløftet	11
2.4 Spesialpedagogisk hjelp i kommunen	11
3 Omfang spesialpedagogiske tiltak	14
3.1 Barnehage	14
3.2 Grunnskule	17
4 Spesialpedagogisk hjelp i praksis	20
4.1 Spesialundervisning i grunnskulen	20
4.2 Spesialpedagogisk hjelp i barnehagar	22
5 Vår vurdering	25
5.1 Oppsummering	25
5.2 Årsaker til omfang	26
5.3 Tilrådingar	26
6 Uttale frå rådmannen	28
Vedlegg 1 Revisjonskriteria	30
Vedlegg 2 Gjennomgong av elevmapper	32

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

I møtet 13.11.2013 bad kontrollutvalet i Sveio kommune KPMG om å *legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt innan skulesektoren med alternative problemstillingar til neste møte*. Prosjektutkastet blei handsama og vedtatt i kontrollutvalsmøte 28.01.2013.

1.2 Føremål

Det sentrale føremålet med prosjektet er å identifisere dei viktigaste årsakene til at omfanget av spesialpedagogiske tiltak i Sveio kommune er så høgt som det er. Det vil i den samanheng vere aktuelt å kartlegge omfanget av tiltak som vert gitt.

Uavhenging av føremål vil revisjonen kome med tilrådingar i slutten av rapporten dersom det blir avdekka forbedringspunkt.

1.3 Problemstillingar

På bakgrunn av føremålet vert følgjande problemstillingar føreslått for forvaltningsrevisjonen:

1. **Kartlegge bruk av spesialpedagogiske tiltak i Sveio kommune**
 - a. Kven mottar spesialundervisning?
 - i. Omfang og utvikling (inkludert differensiering mellom skulane)
 - ii. Særskilte eigenskapar ved mottakarar (kjøn, alder/skuletrinn, eventuelt andre)
 - b. Kva er dei vanlegaste grunngevingane for at elevar får tilbod om spesialundervisning?
2. **Kva er dei viktigaste/ mest sentrale årsakene til at talet på timar brukt til spesialpedagogiske tiltak er høgt?**
3. **Korleis er omfanget av spesialpedagogiske tiltak i Sveio kommune, samanlikna med seg sjølv over tid og med andre, samanliknbare kommunar.**

1.4 Metode

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med krav i RSK001 Standard for forvaltningsrevisjon.

I prosjektet har følgjande teknikkar blitt brukt for å samle inn data:

Dokumentanalyse

Til grunn for rapporten ligg gjennomgang og analyse av sentrale dokument. Mottatt skriftleg dokumentasjon inkluderar mellom anna:

- Kommunen sine årsmeldingar og økonomiplanar

- Spesialpedagogisk handbok
- Individuelle mål og tiltaksplan for barn i førskulealder
- Kvalitetsplan Sveio kommune 2012
- Veiledning spesialundervisning
- Rapport spesialpedagogisk hjelp i barnehage
- Diverse malar og skjema
- Presentasjon om Haugalandsløftet
- Eit utval elevmapper

Intervju

I samband med revisjonen har KPMG til saman snakka med 11 personar, høvesvis kommunalsjef, leiar for PP-tenesta i Haugesund, alle rektorane i kommunen, barnehagestyrarane ved dei tre kommunale barnehagane samt barnehagefagleg rådgjevar.

Utval av personar for intervju er basert på forventa informasjonsverdi, personar si erfaring og formelt ansvar i høve til rapporten sitte føremål og problemstillingar. Intervjua er gjort for å få utfyllande informasjon og forklaring til oversendt dokumentasjon frå kommunen. Alle data frå intervjua er verifisert av respondentane, dvs. at respondentane har fått høve til å lese igjennom referata og gjere eventuelle korrigeringar.

Benchmark

- Analyse av KOSTRA-tal, frå 2013
 - KOSTRA-tal for omfang spesialpedagogisk hjelp er samla inn for Sveio kommune og samanliknbare kommunar, det vil sei gjennomsnittet til den KOSTRA-gruppa som Sveio tilhøyrer, samt lands- og fylkesgjennomsnittet. Tala er samanstilt og tala for Sveio kommune er samanlikna med dei andre kommunane.
- Utviklinga i kommunen
 - På bakgrunn av kommunen sine tal på kor mange som har mottatt spesialpedagogisk hjelp i høvesvis barnehage og skule, for perioden 2007-2010, er utvikling i omfang blitt analysert.

Lesarrettleiing

I rapporten vil vi presentere tal vi har mottatt frå kommunen/ skulane samt KOSTRA-tal. Og det vi ser er at tala ikkje er 100 % samstemte. Det er truleg snakk om varierende måtar/tidspunkt å telje på. Det viktigaste er at vi er konsekvent. Når vi samanliknar Sveio med andre kommunar, tar vi utgangspunkt i KOSTRA-tal. Utanom nyttar vi tal som kommunen (v/ barnehagane og skulane) har rapportert inn.

1.5 Revisjonskriteria

Til problemstilling nummer 2 vert det oppstilt revisjonskriteria. Revisjonskriteria er dei krav eller normer som tilstand og/eller praksis i kommune vert målt mot. Revisjonskriteria må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen.

I denne forvaltningsrevisjonen har vi valt ut revisjonskriteria frå fylgjande kjelder:

- **Opplæringslova, §5-1 t.o.m. §5-6**
 - Kapittel 5. Spesialundervisning

Revisjonskriteria er i sin heilhet lagt i vedlegg 1. Nokre av lovkrava vert det også referert til direkte i rapporten sin faktadel.

2 Generelt om spesialpedagogisk hjelp

2.1 Spesialpedagogisk hjelp

I følge opplæringslova § 5-1 har alle born som ikkje har - eller som ikkje kan få - tilfredsstillande ubytte at det ordinære opplæringstilbodet, rett til spesialundervisning. Også born under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp viss vedkomande har særskilde behov, jf. § 5-7 i Opplæringslova.

§ 5-1 regulerar altså kven som har rett på spesialundervisning og overordna kriteria for innhaldet i spesialundervisninga – ved at det er definert at opplæringstilbodet skal ha eit slikt grunnlag at det samla tilbodet gir eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa.

Krav til sakshandsaming i samband med tildeling og oppfølging av spesialundervisning går fram av Opplæringslova, § 5-3 og § 5-4, og er utdjupa i kapittel 6 i "Veileder til opplæringslova om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning" (Utdanningsdirektoratet).

Når det gjeld barn i barnehagealder seier Opplæringslova § 5 – 7 - om spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder - fylgjande:

Barn under opplæringspliktig alder som har særlege behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp. Hjelpa skal omfatte tilbod om foreldrerådgiving. Hjelpa kan knyttast til barnehagar, skular, sosiale og medisinske institusjonar og liknande, eller organiserast som eige tiltak. Hjelpa kan også givast av den pedagogisk – psykologiske tenesta eller av ein annan sakkunnig instans (...).

For å få spesialpedagogisk hjelpe - anten i førskulealder eller i grunnskulen - må det liggje føre kommunalt vedtak basert på ei sakkunnig vurdering. Vurderinga skal vise om vedkomande har behov for spesialpedagogisk hjelpe, og kva for opplæringstilbod som bør bli gitt. Og vedtaket som vert gitt er eit enkeltvedtak etter forvaltningsloven § 2. Tilpassa opplæring etter enkeltvedtak har eit juridisk innhald ved at det er knytt individuelle rettar, særskilte ressursar og individuell opplæringsplan (IOP) til ordninga.

2.1.1 Tilpassa opplæring

Spesialundervisning er ein form for tilpassa opplæring, men ikkje all tilpassa opplæring er spesialundervisning. Spesialundervisning inneber at det vert fatta eit enkeltvedtak og sett i gang tiltak, som går utover den ordinære undervisninga.

Tilpassa opplæring betyr at den enkelte elev skal få læringsmål som vedkomande faktisk kan klare å nå. Det krev at læraren kjenner eleven sine kompetanse og bruke oppgåver og/eller prøvar for å kartlegge kompetansen. Tilpassing kan skje ved at læraren gir elevane oppgåver av ulik vanskegrad eller oppgåver kor læringsmåla er differensiert.

Tilpassa opplæring er eit overordna prinsipp som gjeld all opplæring i grunnskule, og det inneber mellom anna at innanfor ramma av dei ordinære ressursar som er stilt til rådvelde, har alle elevar i rimeleg grad krav på merksemd frå skulen og læraren ut frå den enkelte sine behov (ordinær, tilpassa opplæring). I Meld. St. 18 (2010–2011) vert det sagt at den evna skulane har til å gi elevane tilpassa opplæring er med på å avgjere behovet for spesialundervisning. Vidare går det fram at Kunnskapsdepartementet meiner at mange skoler bør gjere meir innanfor ramma av tilpassa opplæring før elever sine behov for spesialundervisning eventuelt vert utreda PP-tenesta.

Retten til tilpasset opplæring er forankra i Opplæringslova §1-3:

"Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadane hjå den enkelte eleven og lærlingen."

I Stortingsmelding 16 ...og ingen sto igjen står det fylgjande om tilpassa opplæring:

"Tilpasset opplæring er ikke et mål, men et virkemiddel for læring. Alle elever skal i arbeidet med fagene møte realistiske utfordringer og krav de kan strekke seg mot, og som de kan mestre på egen hånd eller sammen med andre. Elevene har ulike utgangspunkt og ulike behov i arbeidet med de nasjonalt fastsatte kompetansemålene."

2.1.2 Tidlig innsats

Omgrepet "tidleg innsats" blei for fyrste gong beskrive i St.meld. nr. 16 (2006-2007) ... og ingen sto igjen:

Regjeringen ønsker å forbedre utdanningssystemets evne til å møte den enkeltes behov gjennom å tilrettelegge opplæringen på en god måte. Tidlig innsats er en nøkkel i dette arbeidet. Tidlig innsats må forstås både som innsats på et tidlig tidspunkt i barns liv, og tidlig inngripen når problemer oppstår eller avdekkes i førskolealder, i løpet av grunnopplæringen eller i voksen alder.

I intervju vert det opplyst om at tidlig innsats er eit fokusområde i Sveio kommune. Tidlig innsats var mellom anna ei av årsakene til at kommunen oppretta eit spesialpedagogisk ressursteam, som hjelper barnehagene i arbeidet med spesialpedagogisk hjelp.

I grunnskulen er det i intervju gitt uttrykk for at det er noko utfordrande å jobbe med tidleg innsats, og det er heller ingen krav frå kommunen om korleis arbeidet skal føregå. Det går mellom anna fram i økonomiplanen for 2014-2017 at ressursmangel i skulane er ei utfordring, og at det mellom anna reduserer skulane si satsing på tidleg innsats. Nokon skular oppgir at dei har satt i gong tiltak, som til dømes styrkingstimar i matte og norsk i dei lågaste klassetrinna, medan andre har utfordringar med å finne nok ressursar til å gjennomføre konkrete tiltak. Det kom innspel om korleis tidleg innsats skal nyttast vert bestemt på eit høgare nivå i kommunen.

Skulane i Sveio kommunen har totalt fått 600 000 i budsjettmidlar som skal nyttast på tidleg innsats, herunder leseopplæring, skuleåret 14/15. Korleis midlane vert fordelt er det skulekontoret som avgjer.

2.2 Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

I § 5-6 Pedagogisk-psykologisk teneste i Opplæringslova går det fram at

"kvar kommune og kvar fylkeskommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Den pedagogisk-psykologiske tenesta i ein kommune kan organiserast i samarbeid med andre kommunar eller med fylkeskommunen".

Sveio kommune har ikkje eit eige PPT-kontor, men samarbeidar med Haugesund og Utsira kommune om denne tenesta. På Haugesund kommune sine nettsider kan ein mellom anna lese at PPT skal bistå barnehagar og skular i arbeidet med tilpassa opplæring, og at målgruppa er born og ungdom i alderen 0-16 år og vaksne som har særlege opplæringsbehov. Det blir lagt særleg vekt på å førebyggja at vanskar utviklar seg, mellom anna ved å prioritera førskoleborn. Samarbeidet mellom PPT og Sveio kommune føregår både på individ- og systemnivå.

Vidare står det i Opplæringslova at

“tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det”.

2.3 Haugalandsløftet

Haugalandsløftet er eit forskingsbasert kompetansehevingsprosjekt som er retta mot skule, barnehage og PPT, og som alle kommunar i Nord-Rogaland, samt Sveio og Etne er med i. Prosjektet skal halde fram til sommaren 2017.

På nettsida til prosjektet går det fram at bakgrunnen for oppstart var at talet på born som mottar spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp i skule og barnehage er høgt på Haugalandet. Haugalandsløftet skal bidra til at barn og unge skal få utnytta sine ressursar og bli godt inkludert i det ordinære opplegget i barnehage og skole.

Gjennom prosjektet er det blitt forsøkt å kartlegge kor det innanfor skule, barnehage eller PP-tenesta er behov for meir kompetanse. I tillegg skal den allmennepedagogiske kompetansen styrkast ved etterutdanning, systematisk bruk av nettverk, kurs, rettleiing, mm. Blant kommunane som er ein del av Haugalandsløftet er det konsensus om at fylgjande område må prioriterast:

- Rettleiing
- Pedagogisk leiing
- Relasjonskompetanse
- Kartlegging og observasjon av barn. Oppfølging med riktige tiltak
- Dannelsesbegrepet
- Analyse- og vurderingskompetanse
- Strategisk planlegging
- Endring og innovasjonskompetanse
- Psykisk helse og rusførebyggjande arbeid

2.4 Spesialpedagogisk hjelp i kommunen

2.4.1 Skuleeigar

I Sveio kommune er det skule- og barnehagekontoret som har det overordna ansvaret for opplæringa i kommunen. Kontoret består tre personar, høvesvis kommunalsjef, skulefagleg rådgjevar og barnehagefagleg rådgjevar. I tillegg er Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) lokalisert i Sveio kommune.

Skuleeigar sitt ansvar går i hovudsak ut på å bidra til at barnehagar og skular driv ei teneste og ei opplæring i samsvar med barnehage- og opplæringslova. På heimesida til skule- og barnehagekontoret vert fylgjande arbeidsområde lista opp:

- Saksbehandling administrativt og politisk
- Samordning av tiltak for skular og barnehageår
- Utviklingsarbeid
- Kvalitetssikring

- Tilsyn
- Kontakt mot Fylkesmann og region
- Den kulturelle skulesekken
- Kontakt (kommunenivå) med PPT
- Samordning av skuleskyssen
- Regionalt samarbeid gjennom FOS
- Skule- og barnehagekontoret utarbeider/ reviderar kvart år ulike plandokument som styrer verksemda. Spesialpedagogisk handbok skal eksempelvis reviderast i år.

2.4.2 Skulane

I kommunen er det skulane sjølv som har ansvar for spesialundervisninga, og det er den enkelte rektor som fattar enkeltvedtak etter at PPT har kome med si sakkunnige vurdering. Vedtaket vert sendt som kopi til skule- og barnehagekontoret. Vidare er det skulane som organiserer og tilrettelegger slik at spesialundervisninga som vert tilbydt er i tråd med vedtaket.

Bortsett frå Sveio skule er det ingen av skulane som har ein dedikert ressurs som kun jobbar med spesialpedagogikk. Ved Sveio skule har dei ein eigen spesialpedagogisk koordinator.

Øvrig informasjon om samarbeid mellom skular, PPT, skuleeigar og føresette vert omtalt i kapittel 4.2.

2.4.3 Barnehage/ ressursteamet

I motsetnad til grunnskulen, der det er rektor som fattar enkeltvedtak, er dette for barnehagane delegert til kommunalsjefen. Sjølve utføringa av den spesialpedagogiske hjelpa som vert innvilga er det i stor grad kommunen sitt spesialpedagogiske ressursteam som gjer. Teamet vart oppretta hausten 2011, og består av spesialpedagogar og ein logoped. Disse jobbar opp mot både dei kommunale og dei private barnehagane i kommunen.

Ordninga Sveio kommune hadde før, innebar at spesialpedagogane ikkje hadde fast arbeidsstad, tilgang til pc eller anna kontorutstyr eller samarbeid seg imellom. Det vart i stor grad nytta assistentar, og når barnet slutta i barnehagen, «forsvann» også kompetansen som assistenten hadde bygd opp (om assistenten ikkje fekk forlenga arbeidsavtalen sin).

Grunngjevinga for å oppretta eit team var fleire. Med fokus på tidleg innsats, eit aukande behov og stor vekst i gruppa 0 – 6 år, såg kommunen behov for fleire spesialpedagogar til å gje hjelp i barnehagane. Det var og eit ynskje å byggja eit fagmiljø med fokus på å auka kompetanse på det spesialpedagogiske området, slik at tiltaka vart meir målretta. Også med tanke på å auke kvaliteten på det allmennpedagogiske i barnehagen.

Ressursteamet består av 9,41 årsverk fordelt på høvesvis spesialpedagogar, assistentar pluss ein logoped. På grunn av at det som regel er nokon på teamet som har permisjon e. l, har det sidan oppstart ikkje vore 5,9 årsverk med spesialpedagogar i arbeid. I fjor var det eksempelvis "berre" 4,6 årsverk som opererte ute i barnehagane.

Dei tilsette i ressursteamet har felles arbeidsplass i Sveio kommunehus. Alle skal ha eit tett samarbeid med barnehagefaglig rådgjevar, logoped og dei andre spesialpedagogane. Ressursteamet har og møte med PPT ein gong i månaden kor dei har læringsøker, rettleiing og kor det er rom for å diskutera diverse saker.

Årstimar vert i hovudsak knytt til dei barna med vedtak om spesialpedagogisk hjelp. I tillegg kan barnehagane ha ein "friressurs" til å arbeide med førebyggjande arbeid i barnegruppene og å bistå

barnehagen med iverksetjing av tiltak rundt enkeltbarn før ei evt. oppmelding til PPT. Dei bistår og barn som ikkje går i barnehage, men som har behov for spesialpedagogisk hjelp i heimen.

Teamet har mellom anna ansvar for:

Tidleg innsats og førebyggjande arbeid for born som ikkje er meldt til PPT.

- Å samarbeide med føresette og pedagogisk leiar om å kartlegge og setje i verk førebyggjande tiltak (t.d. leikegrupper, språkgrupper)
- Tidleg innsats
- Styrkje det allmennpedagogiske

Barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

- å gi barn som har behov for spesialpedagogisk hjelp den støtte og hjelp det treng
- å arbeida både på system og individnivå
- å observera og kartleggja barnet si utvikling
- å utarbeide mål og tiltaksplan/IOP og evalueringsrapport i samarbeid med føresette, barnehage og anna fagpersonell
- å setje i verk tiltak, som byggjer på barnet sine interesser og styrkjer
- å gi rettleiing til personale og dei føresette
- å bidra til kompetanseheving i barnehagane og å halda seg fagleg oppdatert

3 Omfang spesialpedagogiske tiltak

I dette kapittelet vil vi presentere sentrale nøkkeltal for barnehage og skule. Vi har sett på utviklinga i elevtal samt utvikling i talet på elevar/ førskuleborn som mottar spesialpedagogisk hjelp. Utviklinga gjeld per skule/ barnehage i kommunen frå 2010 til og med 2013. For skulen er tala for skuleåret 2013/2014 oppdatert per april 2014.

Vi har også sett på KOSTRA-tal, der vi har samanlikna Sveio kommune med gjennomsnittet til høvesvis kostragruppe 2 (som Sveio kommune tilhøyrer), fylket samt landet med og utan Oslo. Også her har vi sett på utvikling frå 2010 til 2013.

Dette kapittelet gir svar på problemstilling 1 og 3.

3.1 Barnehage

3.1.1 Omfang og utvikling

I Sveio kommune er det 8 barnehagar, der 3 av dei er kommunale og dei resterande 5 er privateigde.

I 2013/ 2014 var det 570 born i barnehagealder, og 410 av disse går i barnehage. I vår gjennomgang ser vi på antall born som mottar spesialpedagogisk hjelp som andel av born i barnehage. Ikkje antall born i barnehagealder.

Av tabellane under ser vi at antall born som mottar spesialpedagogisk hjelp har auka for kvart år, og sidan 2011 har også talet på born som mottar hjelp, som andel av det totale antall barn i barnehage, auka, men det er snakk om ein marginal prosentendring, og vi kan sei at talet har haldt seg forholdsvis stabilt.

Tabell 1: Antall born per barnehage

Barnehagar	Antall born			
	2010	2011	2012	2013
Sveio barnehage	49	51	46	44
Førde barnehage	35	48	51	48
Valestrand oppvekstsenter	23	26	23	21
Bråtveit natur- og kulturbarnehage	32	33	33	33
Gjermundshaugen FUS barnehage	75	68	70	68
Bua barnehage	31	36	32	36
Ekrene natur- og gårdsbarnehage	81	76	71	69
Espira Solkroken barnehage			49	91
Sum	326	338	375	410

Tabell 2: Antall born som mottar spesialpedagogisk hjelp, per barnehage

Barnehagar	Antall born som mottar spesialpedagogisk hjelp			
	2010	2011	2012	2013
Sveio barnehage	1	2	5	6
Førde barnehage	4	6	4	3
Valestrand oppvekstsenter	3	1	2	2
Bråtveit natur- og kulturbarnehage	3	2	2	1
Gjermundshaugen FUS barnehage	2	2	1	2
Bua barnehage	1	-	2	4
Ekrene natur- og gårdsbarnehage	4	5	5	8
Espira Solkroken barnehage	-	-	-	2
Sum	18	18	21	28

Tabellen over viser kor mange born det er per barnehage som mottar spesialpedagogisk hjelp, og korleis utviklingar har vore dei siste åra. Vi ser mellom anna av tabellen at det i barnehageåret 2013/14 var ved Sveio barnehage og Ekrene natur- og gårdsbarnehage høgast antall born mottok spesialpedagogiske hjelp, høvesvis 6 og 8 born, medan Gjermundshaugen FUS barnehage berre hadde eitt born som fekk spesialpedagogisk hjelp.

Dersom vi ser på antall born som mottar spesialpedagogisk hjelp som andel av antall born i barnehagane totalt sett, går det fram av tabellen under at det i barnehageåret 13/14 var 6,83 % som fekk tilbod om spesialpedagogisk hjelp. Og mellom barnehagane varierer prosentandelen frå 2 % til 14 %.

Tabell 3: Antall born i barnehage som mottar spesialpedagogisk hjelp

	2010	2011	2012	2013
Antall born med spes.ped. hjelp	18	18	21	28
Antall born i barnehage	326	338	375	410
Prosent	5,52 %	5,33 %	5,60 %	6,83 %

3.1.2 Særskilte eigenskapar

I barnehagane er det i året 2013/2014 høvesvis 15 jenter og 13 gutar som mottar spesialundervisning. Fordelt på fødselsår har vi at flest born var født i 2008 (9 stk), som er året før skulestart. Etterfylgt av 7 born født i 2009 og 7 born født i 2010. Vi ser altså at talet på born som mottar spesialundervisning aukar med alderen, men også her er det snakk om så små skilnader og det er rimeleg å anta at dette er meir tilfeldig enn ein trend.

Kva som er årsaka til at borna mottar spesialpedagogiske tiltak kjem vi tilbake til i avsnitt 3.1.4.

3.1.3 Samanlikning med andre kommunar - KOSTRA

Tabell 4: Andel barn som får ekstra ressursar til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle b. hager 2013

Sveio	Kommune- gruppe 2	Hordaland	Landet	Landet u/ Oslo
17,8	15,4	15	18,3	16,4

Over ser vi at det er landet i snitt som har høgast andel born som får ekstra ressursar til styrka tilbud i barnehagen. Deretter fylgjer Sveio kommune, som i snitt ligg på eit høgare nivå enn kommunegrupper 2, fylket og landet (utan Oslo), men totalt sett er det snakk om små skilnadar.

I fylgje KOSTRA-rettleiaren inkluderar tala i kategorien/ funksjonen "styrka tilbud" all hjelp både funksjonshemma, tospråklig assistanse, spesialtilbod (inkl. PPT) og materiell som er blitt skaffa til enkeltbarn eller grupper. Og dette er nok forklaringa på at dei tala vi ser her, er mykje høgare enn dei tala vi såg på i førre tabell - der talet berre gjeld barn som har eit enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp.

Tabell 5: Brutto driftsutgifter til styrka tilbud til førskolebarn (f 211) per barn som får ekstra ressursar, alle barnehagar, 2013.


Sveio	Kommune- gruppe 2	Hordaland	Landet	Landet u/ Oslo
97 699	58 607	62 645	55 109	61 140

KOSTRA-statistikken gir oss også informasjon om kor store utgifter (brutto driftsutgifter) kommunen har per barnehageborn som mottar styrka tilbud. Der ser vi at Sveio kommune brukar langt meir enn snittet til både kostragruppe 2, Hordaland og landet. Sveio bruker over 50 % meir per born enn dei andre.

3.1.4 Vanlegaste grunngevingane for at elevar/born får tilbud om spesialpedagogisk hjelp

Figuren under viser kva som var grunngevinga for at dei 28 borna i året 2012/2014 fekk spesialpedagogisk hjelp. I rapport frå kommunen står det at ein skal vere merksam på at born ofte kan ha utfordringar på fleire område samstundes. I oversikten er det "hovudvansken" det er teke omsyn til.

Figuren viser at den mest brukte grunngevinga er språk og talevanskar. Etterfylgt av sosiale/ emosjonelle vanskar, forsinka utvikling, og til slutt store vedvarande vanskar/ nedsett funksjonsevne. Motoriske vanskar, hørsels- eller synsvanskar eller "anna" er det ingen born som har som hovudgrunngeving.



I intervju vert det peikt på at det har det vore mykje åtferdsproblematikk/ emosjonelle utfordringar dei siste åra, som har vore årsaka til at born får spesialpedagogisk hjelp, og ofte kombinert med språkproblem. I slike tilfelle er ofte ein eller begge foreldra framandspråklege. Det var vidare peikt på i intervju at fleire barneverns- /fosterheimsbarn kan vere forklaringa på ei auke i emosjonelle vanskar.

3.2 Grunnskule

3.2.1 Omfang og utvikling

Tabell 6: Antall elevar per skule og totalt, frå skuleåra 10/11 til 13/14

Grunnskule	2010/11	2011/12	2012/13	2013/14
Sveio skule	366	359	449	459
Førde skule	175 (96)	180 (94)	89	82
Valestrand skule	42	42	43	46
Auklandshamn skule	38	39	38	42
Lid skule	41	33	34	35
Vikse skule	82	90	95	105
Totalt	744	743	748	769

Tabellen over viser talet på elevar per skule og total. Vi ser at mellom anna at talet på elevar har auka for kvart år ved dei fleste skulane. Det samsvarer med den befolkningsveksten som ein ser elles i kommunen.

Førde skule gjekk frå å vere kombinert barne- og ungdomsskule til rein barneskule i 2012. Lid skule vert lagt ned hausten 2014. Elevane skal byrja på Sveio skule.

Tabell 7: Prosent som mottar spes. ped. hjelp

Grunnskule	2010/11	%	2011/12	%	2012/13	%	2013/14	%
Sveio skule	38	10 %	35	10 %	39	9 %	39	8 %
Førde skule	16 (12)	9 %	21 (14)	12 %	11	12 %	8	10 %
Valestrand skule	7	17 %	7	17 %	6	14 %	6	13 %
Auklandshamn skule	3	8 %	3	8 %	2	5 %	4	10 %
Lid skule	4	10 %	3	9 %	2	6 %	2	6 %
Vikse skule	8	10 %	9	10 %	5	5 %	6	6 %
Totalt	76	10 %	78	10 %	65	9 %	65	8 %

Over ser vi at Sveio skule er den skulen med flest elevar som mottar spesialundervisning, naturleg nok, sidan det er den skulen med flest elevar. Valestrand skule er derimot den skulen med høgast andel elevar som mottar spesialundervisning skuleåret 2013/2014. Deretter fylgjer Førde og Auklandshamn. Sveio, Lid og Vikse er dei skulane som har færrest andel.

Det er for øvrig ingen trend som peikar seg ut blant skulane når vi ser på utvikling over tid. Nokre skular har fått andelen elevar som mottar spesialundervisning redusert dei siste åra, medan talet har enten halde seg stabilt eller gått opp ved dei andre skulane.

Totalt sett ser vi at talet på born som mottar spesialundervisning som andel av talet på elevar har gått ned med om lag 2 % dei siste åra. Dette er ein trend vi finn igjen også blant andre, men når vi ser på korleis utviklinga har vore hjå andre ved hjelp av KOSTRA, ser vi at landsgjennomsnittet, fylkesgjennomsnittet og gjennomsnittet til KOSTRA-gruppe 2 held seg meir stabilt. Det er ingen som kan vise til ein så stå stor reduksjon som Sveio har hatt.

3.2.2 Særskilte eigenskapar

I grunnskulen er det i skuleåret 2013/14 høvesvis 19 jenter og 46 gutar som mottar spesialpedagogisk hjelp. Og med det har vi at kjønnskilnadane er mykje tydelegare i skulen samanlikna med barnehagane.

3.2.3 Samanlikning med andre - KOSTRA

Tabell 8: Andel elevar i grunnskolen som får spesialundervisning

	Sveio	Kostragruppe 02	Hordaland	Landet	Landet u/ Oslo
Totalt	7,3	10,1	8,1	8,3	8,4
1.-4. trinn	7,2	7,1	5,3	5,3	5,5
5.-7. trinn	7,7	11,8	9	9,7	9,7
8.-10. trinn	7,1	12,2	10,8	10,7	10,8

KOSTRA-tala over viser at Sveio kommune har ein lågare andel born som mottar spesialundervisning, når vi samanliknar med snittet til Kostragruppe 2, Hordaland, landet med og utan Oslo. Dette gjelder også når vi ser utelukkande på born på mellomtrinnet og på ungdomsskulen. Viss vi utelukkande ser på born i 1.-4. klasse har Sveio den høgast andel elevar som mottar spesialundervisning.

Det er ein tydelig nasjonal trend at andel barn som mottar spesialundervisning typisk aukar med alderen. I Utdanningspeilet 2014 frå Utdanningsdirektoratet står følgjande:

”Selv om det er en nedgang på nesten alle trinn i andelen elever med spesialundervisning, er det fremdeles nesten tre ganger så mange elever med spesialundervisning på 10. trinn som på 1. trinn. Slik har det vært lenge.”

Utviklinga i Sveio er dermed svært positiv samanlikna med resten av landet samla sett.

Tabell 9: Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt

Sveio	Kostragruppe 02	Hordaland	Landet	Landet u/ Oslo
20,9	19,3	16,8	17,6	17,8

Andel timar spesialundervisning av talet på læretimar totalt gir oss ein indikasjon på kor mange timar som blir brukt på spesialundervisning totalt i kommunen. Her ser vi at Sveio kommune ligg noko høgare enn dei andre.

3.2.4 Vanlegaste grunngevingane for at elevar/born får tilbod om spesialpedagogisk hjelp

Det er tre grunngevingar som går igjen som årsak til kvifor elevane mottar spesialpedagogisk hjelp. Den fyrste er elevar med ein diagnose, som til dømes Asperges og Down syndrom. Dette er elevar som treng hjelp og støtte som er tilpassa diagnosen og utfordringane vedkomande har.

Det andre er elevar med forsinka utvikling og lærevanskar, som eksempelvis treng hjelp til språkutvikling, rekning, skrivning og/eller lesing. Her er det ofte tale om ei spesifikk vanske.

Den siste årsaka, og som mange peikar på den største utfordringane per i dag, er elevar med åtferdsvanskar og emosjonelle utfordringar. Dette kan vere elevar som har vanskar med å omgås andre born i grupper og som kan har store konsentrasjonsvanskar

Nokre elevar har komplekse utfordringar, som til dømes kan innebere både lære- og åtferdsvanskar.

I intervju vert det peikt på at Sveio har ganske mange utfordrande born som krev ein god del ressursar, og at Sveio tradisjonelt har hatt mange fosterplasserte barn som gjerne har behov for spesialundervisning.

4 Spesialpedagogisk hjelp i praksis

Før vi kan gå i gang med å vurdere kva som ligg bak omfanget av ressursbruk til spesialpedagogiske tiltak i Sveio kommune, ynskjer vi fyrst å presentere kommunen sin praksis på området, dette for å synleggjere korleis kommunen arbeidar på området. Kapittelet presenterer funn frå dataanalysen samt informasjon frå intervju.

4.1 Spesialundervisning i grunnskulen

4.1.1 Kartlegging

Når ein av skulane i kommunen oppdagar at ein elev kan ha behov for ekstra hjelp er den fyrste fasen å kartlegge eleven sine utfordringar. Det gjer ein som regel ved å observere eleven og/ eller ved å setje i gong tiltak. Ein tar og ulike testar som skulane kan utføre på eige hand.

Noko av det fyrste skulen gjer i denne fasen er å involvere dei føresette. Foreldra må til dømes godkjenne at eleven vert observert/ vurdert. Eleven blir og som regel drøfta med PPT før ein går i gong med å prøve å ut tiltak. Då kan ein anten drøfte anonymt eller på namn.

Etter at kartlegginga og ev. tiltak er overstått - og ein ser at det er behov for ytterlegare hjelp - vert det utarbeida ein pedagogisk rapport i samband med oppmelding til PP-tenesta. Denne rapporten skal i utgangspunktet gi PPT god oversikt over behovet/ utfordringane til eleven. PPT krev at det blitt gjort eit grundig forarbeid før dei går i gong og kartlegger.

Til kartleggingsarbeidet nyttar skulane ein rettleiar som gjeld for heile kommunen. Den inneheld mellom anna ein mal om kva ein skal gjera i denne fasen. Denne rettleiaren skal reviderast no.

4.1.2 Oppmelding/ tildeling

Dersom PPT er nøgd med kartleggingsarbeid til skulane som fylgje av at ein elev er blitt tilmeldt, så går PPT i gong med å gjere sine egne observasjonar og kartleggingar. PPT har mellom anna moglegheit til å gjennomføre ei rekke med testar som skulane ikkje har kapasitet eller kompetanse til.

Når kartleggingsarbeidet er ferdig vert det skrive ei sakkunnig vurdering. Av den går det mellom anna fram om kor vidt dei meiner eleven har behov for spesialpedagogisk hjelp - og i så tilfelle kor mange timar dei tilrår at eleven skal få hjelp av høvesvis spesialpedagog og assistent, og korleis det spesialpedagogiske arbeidet bør organiserast.

På bakgrunn av den sakkunnige vurderinga vert det fatta eit enkeltvedtak av rektor. Det er i utgangspunktet opp til skulen sjølv å bestemme om PPT sine tilrådingar vert fylgt, men praksis i kommunen er at ein støtter seg til det som PPT tilrår. Ein av skulane i kommunen har imidlertid peikt på at dei nyttar meir ressursar enn det som er vedtatt viss dei ser at eleven vil ha nytte av det.

Under datainnsamlinga etterspurte vi data frå kommunen som viser kor mykje timar eller ressursutgifter som faktisk vert brukt til spesialundervisning, men slike data blir ikkje registrert, anna enn på fastlønsposten til skulane. Det er ikkje ein eigen lønspost for spesialpedagogiske lærarar eller assistentar. Det vi ynskte å sjekke var om det var eit stor gap mellom vedtak og faktisk bruk - og om det er store skilnadar mellom skulane.

PPT forlenger som regel tilrådingane sine årleg, men i nokre tilfelle kan dei lage tilrådingar som gjeld for fleire år. Dei nye tilrådinga pleier PPT å byrje på like etter nyttår, slik at enkeltvedtaket vert fornya før skulestart.

Nokon påpeikte i intervju at dei sakkunnige vurderingane frå PPT gjerne kunne vore meir konkrete. Å lage gode IOP'ar som grunnlag for spesialundervisninga er utfordrande for nokre av skulane, og er noko det stadig jobbast med å lage betre. Meir konkrete vurderingar frå PPT kunne ha gjort dette arbeidet lettare.

4.1.3 Spesialundervisning i praksis

Etter at eit enkeltvedtak vert fatta skal det utarbeidast ein individuell opplæringsplan (IOP), og der skal mellom anna dei føresette involverast. IOP'en skal være styrande for spesialundervisninga. Det er også krav om at gjennomføring av IOP og eleven sin utvikling vert dokumentert i ein årsrapport, der ein vurderer eleven si utvikling, mellom anna opp mot mål som går fram av opplæringsplanen. Rapporten vert sendt til føresette, til kommunen og til PPT.

I forbindelse med denne forvaltningsrevisjonen har vi gjennomgått ei rekke elevmapper til elevar som mottar spesialundervisning. Resultata frå gjennomgangen er lagt til vedlegg 2. Gjennomgangen viser at skulane i oppfyller dei krava vi undersøkte elevmappene opp i mot, herunder om elevmappene inneheldt IOP og om det blei laga rapport i ettertid. I tillegg undersøkte vi om det var samsvar mellom vedtak og tilråding frå PPT.

Ved skulane er det noko ulik praksis korleis spesialundervisninga vert gitt. Dette avhenger til ein viss grad av skulestørrelse. Det framstår som noko lettare for større skular å tilpasse spesialundervisninga i grupper. For små skular kan det vere vanskeligare å organisere god spesialundervisning, då det kan vere meir utfordrande å finne elevar som ein saman kan gi gruppeundervisning til.

Nokre skular seier at dei forsøker å knytte arbeidet med spesialundervisning inn i vanlig spesialundervisning.

For mange av elevane gjelder ordinære kompetansemål/ dugleikar, sjølv om dei har fått eit enkeltvedtak om spesialundervisning. Andre elevar får reduserte læringskrav, ettersom elevar har rett på individuell tilpassa opplæring. Det er også nokre elevar som har større utfordringar enn andre, og som har behov for individuell oppfølging i større grad.

Mykje av spesialundervisninga blir gitt av assistent/ lærar, men når det er snakk om fagvanskar vert det nytta spesialpedagog. Dette samsvarer med tabell i vedlegg 2, der vi ser at dei fleste elevane får vedtak om fleire timar med assistenthjelp enn timar med spesialpedagog.

På skulane har dei jamlege utviklingssamtalar om/med elevar som mottar spesialundervisning. I tillegg blir det gitt vurdering undervegs. Det er ev. her ein vil kome fram til om eleven til dømes treng meir hjelp, eller om hjelpa kanskje kan bli oppheva. I nokre tilfeller går ein til dømes inn og utfører intensiv spesialundervisning for ein periode og så må det vurderast om det har ønska effekt. Det fins døme på elevar som har fått vedtak om spesialundervisning oppheva, og saka vert lukka.

Overgong barneskule/ ungdomsskule

I samband med overgong til ungdomsskulen vert det halde overføringsmøte om barn knytt til PPT. Då er det individuelle møte per born saman med foreldre, der stiller også ny og gamal kontaktlærar samt ungdomsskulen sin spesialpedagogiske konsulent. Barneskule og ungdomsskule samarbeidar mellom anna om utarbeiding av ny IOP.

4.1.4 Samarbeid

Alle skulane gir uttrykk for at dei samarbeidar godt med både PPT og føresette. Det vert halde ansvarsgruppemøte der dei ulike partane møter for å diskutere enkeltelevar. Føresette blir som nemnt tidleg involvert i arbeidet skulen gjer for borna. Det vert og opplyst om at føresette i stor grad er veldig samarbeidsvillige. Skulane gir uttrykk for å vere opptatt av å kommunisere til foreldre kva som er utfordringa. Også borna blir involvert i arbeidet der det høver seg. I fylgje PPT vil involvering av elev og føresette vere noko som det vil bli retta endå meir fokus mot framover.

Samarbeidet skular seg imellom er noko avgrensa. Samarbeidet er mest knytt opp mot tilfeller der elev bytar skule. Det vert imidlertid halde rektormøte saman med skuleeigar ein gong i månaden. Rektorane deltar og på leiarsamlingar, saman med alle andre einingsleiarar i kommunen.

Det vert påpeikt i intervju at samarbeidet mellom skulane med fordel kunne vore betre. Særleg med tanke på nytten ein kan få av erfaringsutveksling på tvers av skular. Her vert spesielt utfordringa knytt til emosjonelle utfordringar nemnt. Fleire seier dette er eit område dei kunne tenkt seg meir informasjon om, mellom anna gjennom erfaringar frå andre.

Samarbeid mellom PPT og Sveio kommune fungerer godt i fylgje innspel frå intervju. PPT har faste dagar i kommunen, minimum en gang i månaden, der dei besøker dei ulike skulane. På disse møta diskuterer ein saker på overordna nivå samt saker knytt til enkeltelevar. Utanom dette vert møter avtalt etter behov. Då tar skulane sjølv kontakt med PPT. PPT stiller også jamleg på rektormøta.

4.2 Spesialpedagogisk hjelp i barnehagar

4.2.1 Kartlegging

Når ein i barnehagane fangar opp at eit barn kan ha behov for spesialpedagogisk hjelp er samtale med føresette noko av det fyrste ein gjer. I samtalane vert behov for kartlegging og utprøving av tiltak diskutert, og føresette samtykker/ skriv under på at barnehagen kan gå vidare med kartlegginga.

Deretter vert spesialpedagogen, frå ressursteamet, som er kopla til barnehagen involvert. Og det er vedkomande som går i gong med sjølve kartlegginga, ved hjelp av observasjonar og testar. Ein vurderer deretter kva tiltak ein kan setje i gong - disse går fram av mål- og tiltaksplan. Etter at tiltaksperioden er over må ein vurdere om det er behov for vidare utprøving av tiltak, om tiltaka har fungert og at barnet sitt behov for hjelp er blitt redusert eller om ein skal ta saka vidare og sende tilmelding til PPT.

Før tilmelding til PPT skal barnehagen, i samarbeid med spesialpedagog og ev. føresette, utarbeide ein pedagogisk rapport. I likskap med hjå skulen så krev PPT at det er blitt gjort eit grundig forarbeid som er godt dokumentert før dei vert bedt om å kome med ein sakkunnig vurdering.

Barnehagane har tilgong til ein rekke malar og skjema som skal nyttast til arbeidet i kartleggingsfasen. Vi kan eksempelvis nemne "Melding til ressursteam - førskule", "Mål- og tiltaksplan", "Evaluering" og "Pedagogisk rapport".

4.2.2 Oppmelding/ tildeling

Arbeidet til PPT - når dei etter oppmelding skal gjere sine egne observasjonar og kartleggingar - føregår i stor grad på same måte som i skulen. Sjå avsnitt 4.2.2.

Når PPT er ferdig med si sakkunnige vurdering er det kommunalsjefen i kommunen som fattar enkeltvedtak. Vi såg over at i skulen er det rektoren sjølv som gjer dette, men i barnehagane vert altså dette styrt meir sentralt.

Etter at eit barn har fått vedtak om spesialpedagogisk hjelp er PPT jamleg inne og gjer nye vurderingar. Dette skjer normalt 1 gong i året. Før barnet skal byrje på skulen er PPT tidleg involvert det året for å vurdere om barnet har behov for hjelp også på skulen. Det er imidlertid opp til foreldra om dei ynskjer at barnet skal halde fram med å få spesialpedagogisk hjelp når dei byrjar på skulen. I dei fleste tilfelle fylgjer føresette dei tilrådingane som vert gitt, medan andre ynskjer at barnet skal byrje på skulen med "blanke ark".

Det har kome få klager på enkeltvedtak i barnehagane dei siste åra.

4.2.3 Spesialpedagogisk hjelp i praksis

Etter at eit enkeltvedtak vert fatta skal det lagast ein mål- og tiltaksplan, som byggjer på sakkunnig vurdering av PPT, og som vert utarbeidd av spesialpedagog frå ressursteamet. Planane inneheld ei rekke med konkrete mål som barnet skal oppnå. Det er også krav om at barnet si utvikling vert dokumentert i ein halvårleg evalueringsrapport. Rapporten vert sendt til føresette, til ressursteamet, til barnehagen og til PPT.

I forbindelse med denne forvaltningsrevisjonen har vi og gjennomgått ei rekke mapper til førskuleborn som mottar spesialpedagogisk hjelp. Resultata frå gjennomgangen er lagt til vedlegg 2. Gjennomgangen viser at barnehagane i stor grad oppfyller dei krava vi undersøkte mappene opp i mot.

Det spesialpedagogiske arbeidet vert lagt opp ut i frå barna sine behov, noko som betyr at enkelte barn får intensiv hjelp i ein periode, medan andre har timeplanfesta aktivitetar kvar veke. I kvardagen er spesialpedagogen knytt til ein (maks to) barnehagar, som både fylgjer opp born med vedtak om spesialpedagogisk hjelp samt bistår barnehagen sitt arbeid med tidlig innsats og førebyggjande arbeid.

Fleire påpeikte i intervju at grunnbemanninga i barnehagane er dårleg, og at resultatet av det kan bli at fleire born får vedtak om spesialpedagogisk hjelp, sidan det blir mindre tid til å ta grundig tak i problem. Det vart mellom anna foreslått kutt i midlar til assistentar, og heller styrking av eiga grunnbemanning, då det er ynskjeleg med større kontinuitet/ forutsigelighet i personale. Andre skulle ønskt at barnehagepersonalet blei meir kursa i tidleg innsats, sidan det er eit svært viktig fokusområde i barnehagane.

Overgong barnehage/ skule

Når det gjelder overgong barnehage og skule har kommunen ein kommunal plan som ein fylgjer. For barn som skal få spesialpedagogisk hjelp vidare vert det halde eit overføringsmøte. Det hender og at barnehagen blir kontakta etter skulestart, viss skulen lurar på noko. PPT er inne og vurderer borna før skulestart, og kor vidt hjelpa skal vidareførast. I intervju vert det gitt uttrykk for at overgong barnehage/ skule fungerer godt. Barnehagane har som regel tettast samarbeid i denne perioden med den mest nærliggande skulen, der det vert gjennomført besøk, felles turar mm.

4.2.4 Samarbeid

Det er stor grad av semje blant dei vi har snakka med frå barnehagane om at samarbeidet med høvesvis ressursteam, skuleeigar, føresatt og PPT fungerer bra. Noko kunne imidlertid ønskt at PPT var meir tilgjengelige. Når det gjelder dei føresette så framstår det som svært viktig at dei blir tidleg og tilstrekkelig involvert i prosessen når barnet mottar spesialpedagogisk hjelp. Barnehagane har fleire faste møtepunkt i løpet av eit år, der borna som mottar spesialpedagogisk hjelp vert diskutert - anten individuelt eller samla. Barnehagane seg i mellom har få møtepunkt, men barnehagestyrarane møter kvarandre ein gong i månaden. Barnehagane tilbyr også ekstra rettleiing til føresette som har behov for det.

5 Vår vurdering

Nedanfor følger våre svar til revisjonen sine problemstillinger. I punkt 5.1 vert det kort oppsummert rundt problemstilling 1 og 3:

1. Kartlegge bruk av spesialpedagogiske tiltak i Sveio kommune

a. Kven mottar spesialundervisning?

i. Omfang og utvikling (inkludert differensiering mellom skulane)

ii. Særskilte eigenskapar ved mottakarar (kjøn, alder/skuletrinn, eventuelt andre)

b. Kva er dei vanlegaste grunngevingane for at elevar får tilbod om spesialundervisning?

3. Korleis er omfanget av spesialpedagogiske tiltak i Sveio kommune, samanlikna med seg sjølv over tid og med andre, samanliknbare kommunar.

I punkt 5.2 følger vår vurdering opp i mot problemstilling 2:

2. Kva er dei viktigaste/ mest sentrale årsakene til at talet på timar brukt til spesialpedagogiske tiltak er høgt?

I punkt 5.3 er våre tilrådingar skildra.

5.1 Oppsummering

Del førskuleborn og elevar med spesialpedagogiske tiltak i Sveio kommune er ikkje urovekkande høgt samanlikna med andre kommunar i same kostragruppe. Sveio ligg rett over snittet hjå dei andre kommunane når det gjeld del føreskulebarn som mottek spesialpedagogiske tiltak. For skuleelevar ligg Sveio under snittet når det gjeld del elevar som mottek spesialundervisning.

Utviklinga dei siste fire åra har vore stabil, vel ein prosent opp for førskuleborn og to prosent ned for elevar. For elevar var Valestrand skule i 2010-2012 overrepresentert i høve til del elevar med spesialundervisning. Skulen er framleis overrepresentert, men ikkje lenger i same omfang.

For grunnskulen er det ein klar trend at del elevar med spesialundervisning vert mindre dess høgare elevane kjem i alderstrinn. Dette er ei motsatt trend enn i KOSTRA-gruppa og landet elles. Etter vår vurdering er dette svært positivt.

Grunngeving for spesialpedagogiske tiltak er ofte ein kombinasjon av fleire årsaker/tilhøve. Isolert sett er språk- og talevanskar grunngevinga med størst frekvens (50%). Sosiale/emosjonelle vanskar (22%) og generelt forsinka utvikling (21%) er dei to andre hovudgrunngevingane. Frå intervju går det fram ei bekymring om at sosiale/emosjonelle vanskar er eit aukande problem i kommunen.

Eit ytterligare trekk ved spesialpedagogiske tiltak i grunnskulen er at det er langt fleire gutar enn jenter som har tiltak. I 2013/14 fekk 46 gutar tiltak, 19 jenter. Dette er i tråd med landet elles.

Tal /del mottakarar av spesialpedagogiske tiltak er som skildra ikkje spesielt høgt i Sveio. Ser ein så til kommunen si ressursinnsats for å gje tiltaka, er tilgjengelige tal noko samansett:

- For barnehagar ligg kommunen godt over landssnittet og snittet i kostragruppe 2 når det gjeld brutto driftsutgifter til "styrket tilbud til førskolebarn"
- For grunnskolen ligg Sveio rett over snittet når det gjeld "andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt"². Dette indikerer at kommunen gir fleire timar på spesialundervisning pr. elev enn andre kommunar. Kvifor vert nærmare vurdert i 5.2 nedanfor.

Oppsummert er det vår vurdering at Sveio ikkje ligg spesielt høgt når det gjeld born og elevar med spesialpedagogiske tiltak. For grunnskolen er del elevar med tiltak synkande i takt med alderstrinn. Dette indikerer at kommunen sitt fokus på "tidleg innsats" har en positiv effekt. Språk- og talevanskar er den vanlegaste grunnen for at tiltak vert satt inn og det er langt fleire gutar enn jenter som får tiltak. Kommunen sin ressursinnsats for tiltaka ligg over snittet i landet og kommunegruppe 2.

5.2 Årsaker til omfang

Problemstillinga her er kva som kan vere dei viktigaste/ mest sentrale årsakene til at talet på timar brukt til spesialpedagogiske tiltak er høgt.

Etter vår vurdering er ikkje talet på timar brukt til spesialpedagogiske tiltak alarmerande høgt; 20,9 % av totale lærartimar i Sveio er knytt til spesialundervisning. Tilsvarende tal for snittet i kostragruppe 2 er 19,3 %. Samstundes ligg Sveio rett under snittet i del elevar med spesialundervisning. Held ein dette saman, gir det indikasjon på at kommunen gir fleire timar på spesialundervisning pr. elev enn i andre kommunar. Her kunne vi tenkt oss å sett meir detaljerte tal frå kommunen, men det lukkast vi ikkje med å få tak i.

Eit naturleg spørsmål i forlenginga av denne revisjonen si problemstilling, vil då vere kvifor er det slik at det antatt vert gitt fleire timar på spesialundervisning pr. elev enn i andre kommunar? Etter vår vurdering er følgjande punkt del av forklaringa:

- Kvart vedtak om spesialundervisning er tufta på ei individuell fagleg vurdering av søkaren sitt behov. Ei mogleg forklaring kan vere at Sveio sine søkarar/motakarar har eit særleg behov. Frå respondentar til denne revisjonen vert det peika på at kommunen har mange fosterheimsbarn.
- Skulen / rektor fattar vedtak om omfanget av timar til spesialundervisning. Dette skjer etter innstilling/vurdering frå PPT. Av dei gjennomgåtte søknadane / sakene, ser vi at vedtaket på tal timar vert oppretthalde frå innstillinga, men ved ein av skulane har dei sagt at elevar får meir timar enn det vedtaket seier viss det vert vurdert som hensiktsmessig. Frå andre revisjonar er KPMG kjent med at skulen/rektor ofte reduserar tal timar.
- Sveio har ein stor skule, ein mellomstor og fire mindre skular, og fleire av skulane er fådelt. Ein slik struktur gir dårligare føresetnadar for å slå saman spesialundervisning i "passande" grupper. Spesialundervisning gitt som 1:1 undervisning fordrar fleire lærartimar enn gruppeundervisning.

Når det gjeld barnehagar er tilgjengelige omfangstal - frå KOSTRA - er knytt til økonomisk ressursinnsats og del born med tiltak. Sveio ligg over snittet for begge kategoriar samanlikna med kostragruppe 2. Det er nærliggande å sjå kostnadsnivået i samanheng med kommunen sin prioritering av "tidleg innsats".

5.3 Tiltrådingar

Kommunens sitt arbeid knytt til spesialpedagogiske tiltak er godt. Prosessar fylgjer regelverket i opplæringslova og det er klare indikasjonar på at arbeidet har positiv effekt. Samstundes har vi peika på at brutto driftsutgifter for styrka tilbud til førskoleborn er relativt høgt. Dette bør sjåast i samanheng

² Brutto driftsutgifter til spesialundervisning / spesialpedagogiske tiltak er ikkje tilgjengelig i KOSTRA

med kommunen si prioritering av tidleg innsats og spesialpedagogisk ressursteam. I tillegg bør det og sjåast i samanheng med at del elevar med spesialundervisning vert lågare dess høgare alderstrinn – noko som gjer at ein presumptivt "sparer" kostnader.

"Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt" i grunnskolen er rett i overkant av snittet i Kostragruppe 2.

Vi rår til at kommunen samlar alle med vedtakskompetanse knytt til spesialpedagogiske tiltak for en felles erfaringsutveksling og gjennomgang av mellom anna:

- Avgjerslegrunnlag for vedtak.
- Samarbeidet med PPT.
- Kor vidt timar/ ressursar brukt til spesialpedagogiske tiltak bør dokumenterast meir detaljert
- Grunnlag for ytterligare samarbeid på tvers av skulane ved gjennomføring av spesialpedagogiske tiltak – vert ressursane nytta best mogleg pr. i dag

6 Uttale frå rådmannen



Sveio kommune

Rådmannen

KPMG AS w/Ingvill Strand

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2013001026-9/2014009017 Arkiv: N - 213 Dato: 08.09.2014

MERKNADER TIL FORVALTNINGSRAPPORTEN VEDKOMMANDE SPESIALPEDAGOGISKE TILTAK 2014

Forvaltningsrevisjonen er ei god innføring i korleis bruk av spesialpedagogisk hjelp i Sveio kommune vert løyst, kven brukarane er, og utviklinga gjennom dei siste åra. Rådmannen ser at det kunne vore interessant med andre tilnærmingar i samband med å få fram eventuelle «drivare» til at spesialpedagogisk hjelp er aukande. Det ville og vore ønskjeleg å sjå samanhengar over fleire år for dei einskilde barna, og om innsatsen gjev ønska gevinst på lengre sikt.

Med helsing

Martinsen, Bjarne Aksnes
Rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Postadresse:
Postboks 40
5558 Sveio

Telefon:
53 74 80 00

Telefaks:
53 74 80 01

Org.nr.:
884987272

Bankgiro:
3240.08.87550

E-post:
postmottak@sveio.kommune.no

Fakturaadresse: Postboks 54, 5558 Sveio

Vedlegg 1 Revisjonskriteria

Opplæringslova, §5-1 t.o.m. §5-7

Kapittel 5. Spesialundervisning

§ 5-1. Rett til spesialundervisning

Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.

I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisningstimetallet som gjeld andre elevar, jf. § 2-2 og § 3-2.

§ 5-2. (Oppheva med lov 30 juni 2000 nr. 63 (ikr. 1 aug 2002, etter res. 26 apr 2002 nr. 414).)

§ 5-3. Sakkunnig vurdering

Før kommunen eller fylkeskommunen gjer vedtak om spesialundervisning etter § 5-1 eller vedtak om spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova til eleven. Vurderinga skal vise om eleven har behov for spesialundervisning, og kva for opplæringstilbod som bør givast.

Den sakkunnige vurderinga skal blant anna greie ut og ta standpunkt til

- eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet
- lærevanskar hjå eleven og andre særlege forhold som er viktige for opplæringa
- realistiske opplæringsmål for eleven
- om ein kan hjelpe på dei vanskane eleven har innanfor det ordinære opplæringstilbodet
- kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod.

Departementet kan gi nærmare forskrifter om den sakkunnige vurderinga.

Dersom vedtaket frå kommunen eller fylkeskommunen avvik frå den sakkunnige vurderinga, skal grunngivinga for vedtaket blant anna vise kvifor kommunen eller fylkeskommunen meiner at eleven likevel får eit opplæringstilbod som oppfyller retten etter § 5-1 eller § 5-7.

Endra med lov 20 juni 2008 nr. 48 (ikr. 1 aug 2008, etter res. 20 juni 2008 nr. 621).

§ 5-4. Nærmare om saksbehandlinga i samband med vedtak om spesialundervisning

Eleven eller foreldra til eleven kan krevje at skolen gjer dei undersøkingar som er nødvendige for å finne ut om eleven treng spesialundervisning, og eventuelt kva opplæring eleven treng. Undervisningspersonalet skal vurdere om ein elev treng spesialundervisning, og melde frå til rektor når slike behov er til stades.

Før det blir gjort sakkunnig vurdering og før det blir gjort vedtak om å setje i gang spesialundervisning, skal det innhentast samtykke frå eleven eller frå foreldra til eleven. Med dei

avgrensingane som følgjer av reglane om teieplikt og § 19 i forvaltningslova, har eleven eller foreldra til eleven rett til å gjere seg kjende med innhaldet i den sakkunnige vurderinga og til å uttale seg før det blir gjort vedtak.

Tilbod om spesialundervisning skal så langt råd er, formast ut i samarbeid med eleven og foreldra til eleven, og det skal leggjast stor vekt på deira syn.

§ 5-5. Unntak frå reglane om innhaldet i opplæringa

Reglane om innhaldet i opplæringa i denne lova og i forskrifter etter denne lova gjeld for spesialundervisning så langt dei passar. For elev som får spesialundervisning, skal det utarbeidast individuell opplæringsplan. Planen skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis ho skal drivast. Også avvikande kontraktsvilkår for lærlingar kan fastsetjast i den individuelle opplæringsplanen.

Skolen skal kvart halvår utarbeide skriftleg oversikt over den opplæringa eleven har fått, og ei vurdering av utviklinga til eleven. Skolen sender oversikta og vurderinga til eleven eller til foreldra til eleven og til kommunen eller fylkeskommunen.

Endra med lov 27 juni 2003 nr. 69 (i.kr. 1 aug 2003, etter res. 27 juni 2003 nr. 774). Vert endra med lov 22 juni 2012 nr. 53 (i.kr. 1 jan 2014, etter res. 22 juni 2012 nr. 582).

§ 5-6. Pedagogisk-psykologisk teneste

Kvar kommune og kvar fylkeskommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Den pedagogisk-psykologiske tenesta i ein kommune kan organiserast i samarbeid med andre kommunar eller med fylkeskommunen.

Tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. Departementet kan gi forskrifter om dei andre oppgåvene til tenesta.

§ 5-7. Spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder

Barn under opplæringspliktig alder som har særlege behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp. Hjelpa skal omfatte tilbod om foreldrerådgiving. Hjelpa kan knytast til barnehagar, skolar, sosiale og medisinske institusjonar og liknande, eller organiserast som eige tiltak. Hjelpa kan også givast av den pedagogisk-psykologiske tenesta eller av ein annan sakkunnig instans.

For spesialpedagogisk hjelp gjeld § 5-4 andre og tredje leddet i lova. § 5-5 andre leddet i lova gjeld så langt det passar.

Vedlegg 2 Gjennomgang av elevmapper

I arbeidet med denne forvaltningsrevisjonen har vi gjennomgått ei rekke med elevmapper til elevar som har fått eit enkeltvedtak. Hensikta var å sjå om det var mellom anna å undersøker om det var samsvar mellom enkeltvedtak og sakkunnig vurdering. Og for å sjå om mappene inneheldt rapportar og planar. samsvar mellom krav og praksis.

Barnehage

Nr.	Kjønn, fødselsår	Tilrådde timer	Samsvar mellom enkeltvedtak og sakkunnig vurdering	Vedlagt mål- og tiltaksplan	Vedlagt rapport	Øvrig kommentar
1	Jente, 2010	190 årstimar med spesialpedagog, og 1762 timar med assistent (utvida med 1320 timar etter barnehagestart).	Ja	Ja. Barnehageåret 13/14	Evalueringsrapport, haust 2013	
2	Jente, 2008	190 årstimar med spesialpedagog, og 1410 årstimar med assistent	Ja	Ja. 13/14, vår 2013 og haust 2012	Evalueringsrapport, vår 2014, vår 2013, haust 2012, vår 2012	Endring av timetal frå 2012 til 2013 i sakkunnig vurdering
3	Gut, 2008	190 årstimar med spesialpedagog, og 940 timar med assistent	Ja	Ja, vår 2014, haust 2013, år 2012/2013, vår 2012	Evalueringsrapport haust 2013 og 2012, vår 2013 og 2012	
4	Jente, 2008	152 årstimar med spesialpedagog, og 940 timar med assistent	Ja	Ja, barnehageår 13/14 og 12/13	Evalueringsrapport, vår og haust 2013	Auke i tilrådde timar frå 2012 til 2014.
5	Gut, 2009	152 årstimar med spesialpedagog, og 1140 timar med assistent	Ja	Ja, barnehageår 13/14 og 12/13	Evalueringsrapport, vår og haust 2013, haust 2012	Liten reduksjon i timar med spesialpedagog frå fjoråret.
6	Jente, 2009	76 årstimar med spesialpedagog, og 1175 årstimar med assistent	Nei (kommunen gir meir hjelp)	Ja, barnehageår 13/14	Nei	Ingen tiltak frå tidlegare
7	Gut, 2010	190 årstimar med spesialpedagog, og 940 timar med assistent	Ja	Ja, haust 2013 og vår 2014	Evalueringsrapport, haust 2013,	Ingen tiltak frå tidlegare
8	Jente, 2008	2*2 timer i veke med spesialpedagog	Ja	Ja, barnehageår 13/14 og vår 2013	Evalueringsrapport, haust 2013	
9	Jente, 2008	152 årstimar med spesialpedagog, og 830 timar med assistent	Ja	Ja, og 12/13	Evalueringsrapport, vår og haust 2013,	
10	Gut, 2008	150 årstimar med spesialpedagog, og 940 timar med assistent	Ja	Ja, vår 2014, haust 2013, vår 2013 og haust 2012	Evalueringsrapport, Vår og haust 2013,	

Grunnskule

Nr.	Kjønn, fødselsår	Tilrådde timer	Samsvar mellom enkeltvedtak og sakkunnig vurdering	Vedlagt IOP	Vedlagt rapport	Øvrig kommentar
1	Gut, 2001	162 timer med spesialundervisning, Fleksibel organisering	Ja	Ja, med halvårlege arbeidsplanar	Ja	Like vurderingar for skuleåret 13/14 og 14/15
2	Gut, 2005	110 årstimar med spesialpedagog og 340 timar med assistent. Må gis individuelt så lenge det er behov for det.	Ja	Ja, med halvårlege arbeidsplanar	Ja	
3	Gut, 2003	270 årstimar med spesialundervisning 570 årstimar	Ja	Ja, med halvårsplanar	Ja	Auke i spes.ped timar frå 2012 til 2013
4	Gut, 2000	300 årstimar, og 660 årstimar assistenthjelp. Anbefalt at delar av timane blir gitt i lita gruppe	Ja	Ja, med halvårsplan	Ja	Auke i tildelte ressursar frå 2012. Likt omfang i 13/14 og 12/13.
5	Jente, 2004	170 årstimar med spesialundervisning, og 300 årstimar assistenthjelp i lita gruppe.	Ja	Ja, med halvårsplan	Ja	Reduksjon i tildelte ressursar frå 2012. Likt omfang i 13/14 og 12/13.
6	Gut, 2004	230 årstimar med spesialundervisning, og 480 årstimar med assistent	Ja	Ja, med halvårsplan	Ja	Vedlagte papir for skuleåret 13/14 og 12/13
7	Gut, 2001	228 årstimar med spesialundervisning, 456 årstimar med assistent.	Ja	Ja, med halvårsplan	Ja	Vedlagte papir for skuleåret 13/14 og 12/13
8	Jente, 1998	300 årstimar med spesialundervisning, 650 årstimar med assistent	Ja	Ja, med halvårsplan	Ja	Ingen vedlagte papir for skuleåret 13/14
9	Gut, 1997	190 årstimar me spesialundervisning	Ja	Ja, med halvårsplan	Ja	Ingen vedlagte papir for skuleåret 13/14
10	Gut, 2003	135 årstimar med spesialundervisning, 300 årstimar med assistent	Ja	Ja, med halvårsplan	Ja	Ingen vedlagte papir for skuleåret 13/14
11	Gut, 2004	260 årstimar med spesialundervisning, 615 årstimar med assistent. Noko individuell opplæring, ev små grupper	Ja	Ja, med halvårsplan	Ja	Ingen vedlagte papir for skuleåret 13/14
12	Jente, 2003	215 årstimar med spesialundervisning, 430 årstimar med assistent	Ja	Ja, men utan halvårsplan	Ja	

Kontakt oss:

Willy Hauge

Partner

T +47 4063 9663

E willy.hauge@kpmg.no

Ole Willy Fundingsrud

Prosjektleder

T +47 4063 9692

E ole.willy.fundingsrud@kpmg.no

kpmg.no

© 2014 KPMG AS, a Norwegian member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavour to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.

The KPMG name, logo and "cutting through complexity" are registered trademarks or trademarks of KPMG International Cooperative ("KPMG International").

